

**Må det skje noko før asfaltgjengen kjem?**

Vi stilte spørsmålet tidleg i fjor i samband med serien av hol som bilistane humpa seg gjennom i Kleivadalsvingen.

No kan vi heldigvis svara nei på spørsmåla for svingen er utbetra utan at det skjedde noko først. Og vi er så frie å ta asfaltreparasjonen som eit varsel om betre vedlikehald av hovudåra gjennom bygda, for det er skjedd lappingar også andre stader.

I Kleivadalsvingen var det ein indirekte fåre fordi sjåførane vegra seg imot å køyre ut i hola når dei kom ifrå Korsnes. I staden køyrde dei ut i vegen med fåre for kollisjon.

Men det står att å gjera noko både her og der. Det KJENNEST i alle fall ikkje som det er gjort noko med dekket over brua.....

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen